

Diamantrangering

Berit H. Blå, høgskolelektor, Framandspråksenteret

Diamantrangering er ei refleksjonsøving som kan nyttast til fleire ulike formål. Elevane skal leggje lappar i diamantform for å rangere innhaldet frå viktigast til minst viktig (sjå illustrasjon med talvekting).

I vurderingssamanheng kan øvinga til dømes nyttast i bevisstgjeringe arbeid med vurderingskriterium i heile klassen. Vurderingsforskrifta og avsnittet om undervegsvurdering i læreplanen trekker mellom anna fram følgjande sentrale aspekt ved formativ vurdering: elev-medverknad, metaperspektiv, forventings-avklaring, eigenrefleksjon, samarbeid og variasjon. Her kan øvinga diamantrangering bidra til at elevane får ei felles og djupare forståing for kriteria for måloppnåing i ein konkret vurderingssituasjon. Utgangspunktet er læreplanen og det tilhøyrande støttemateriellet.

Framgangsmåte:


- Læraren informerer elevane om kva **form** (munnleg/skriftleg) og **innhald** (temaorientering) vurderinga vil ha.
- Elevane blir inviterte til å bidra med relevante kriterium for den konkrete evalueringa i plenum.
- Læraren noterer forslaga på tavla, og så drøftar de ideane og blir einige om ni felles kriterium.
- Elevane går saman i grupper på to til fire, og kvar gruppe får utdelt ni lappar

der dei skriv ned kriteria de er blitt einige om.

- Gruppene diskuterer kva for kriterium dei synest er dei mest eller minst tungtvegande, og deretter rangerer dei lappane (øvtst = viktigast, nedst = minst viktig).
- Når elevane har lagt lappane i diamantform, deler dei resultatata og grunngivinga i plenum.
- Neste steg er å bli einige om ei felles prioritert rekkjefølgje og bruke denne til ei vidare inndeling i **låg, god** og **framifrå** grad av kompetanseoppnåing (Utdanningdirektoratets rettleiande kjenneteikn kan hjelpe eit stykke på veg).

I samband med til dømes vurdering av munnleg interaksjon på målspråket vil elevane sannsynlegvis komme inn på aspekt som deltaking, uttale, situasjonstilpassing, lytteforståing, tema- og kulturkunnskap, samanlikningsperspektiv, stiltingstaking, ordforråd, grammatikk, kommunikasjonsstrategiar, mimikk, gestikk og stemmebruk. Enkelte faktorar er av spesifikk fagleg art, mens andre er meir generelt retta– eit godt grunnlag for effektfulle klasserefleksjonar.

I ressursen Skrivsirkelen finn de dømme på rangeringslappar med overordna kjenne-teikn for skriftleg sluttprodukt (saktekst):



NOTID

**TEMA-
SETNING**

EMNEORD

EMNEVERB

(å vere, å ha, å finnast,
å liggje)

AVSNITT

**SETNINGS-
BINDARAR**

(til dømes, òg, og,
mellom anna, elles)

BESKRIVE

INFORMERE

**EIGA
MEINING**

**NØYTRALT
SPRÅK**